

---

**Fra:** Pål <paal@arkbc.no>  
**Sendt:** 30. august 2017 09:30  
**Til:** Anne Lise Molvik  
**Emne:** Søknad om ferdigattest for bustad på eigedom med gnr.137/bnr.562, Ikenberget 19A

Hei!

Eg er engasjert av Trond Øystein Heradstveit (tiltakshavar) for å slutføre byggesaka for bustaden deira på Ikenberget.

-Trur det var deg han snakka med då han henvende seg hjå kommunen for å få tilgang til saksdokument (?)

Tiltakshavar var ikkje kjend med at det byggesaka framleis var «open». Han har betalt for komplett produkt frå Reknes Hus, og rekna med at alt var i orden då huset vart teken i bruk i 2005.

Huset vart levert med uinnreia loft, og dette har tiltakshavar sjølv slutført i samarbeid med tømrrar og murermeister (bad). Areal for loftsetasjen var inkludert i byggemeldinga frå 2005, og fasadeteikningar var komplett med vindauge osv. også for denne etasjen. I tillegg var det lagt fram røyr til framtidig bad på loftet. Alt dette ser altså ut til å ha vore del av tidligare søknadsprosess.

Problemstillinga vår er at ansvarleg søkar og ansvarleg føretak for oppføring av huset, ikkje lenger eksisterer. Det same gjeld enkelte av dei andre involverte utførande faga. Dette gjer at gjennomføringsplanen som eg prøver å få sett saman i samband med søknad om ferdigattest, ikkje blir komplett. Eg har fått tilgang til nokre samsvarserklæringar frå dei føretaka som framleis er i drift, samt kopi av enkelte papir som låg i saka frå før. Grunna digitalisering av aktivmaterialet i Danmark, så har eg kun det eg har fått «i handa» å forholde meg til i denne saka, og eg er uviss på kor mykje klokare ein evt. blir når arkivmaterialet er tilgjengelig att.

Saka har dukka opp grunna sal av eigdommen, og tiltakshavar vil sjølv sagt ha dette gjort så snart som mogleg. Eg lurar derfor på om eg kan lage søknad om ferdigattest basert på det eg no har, og leggje ved eit godt følgeskriv som forklarar situasjonen, samt teikningar som illustrerer innreia loft + mindre endringar som vart gjort undervegs i byggeperioden i 2005. Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen kan overta rolla som ansvarleg søkar, og eg ser ikkje heilt grunnen til å sende søknad om endring på dette, all den tid tidligare ansvarshavande er avvikla. Det eg manglar er ansvarleg for prosjekteringa, samt utføring av tømrrarbeidet. Eg har dokumentasjon på VVS og murar som har lagt membran og fliser, men manglar kontrollerande føretak for våtrom. Eg er også litt usikker på korleis krava til dette var i 2005.

Vidare ser eg av kopiane eg har motteke, at husplasseringa i felt vart noko annleis enn byggemeldinga. Dette vart det søkt endring for, samt at ein også melde inn ein støttemur i betong (ref. saksmappe: 04/00742-13, handsama av Tore Svendsen i Lindås kommune). For utføring av mur og utstikking av tomt, var det Arne Kristoffersen som vart godkjent som ansvarleg føretak. Eg veit ikkje om vilkår vedr. dokumentasjon av kontrollansvarleg landmålar er fulgt opp i byggesaka, eller om evt. kommunen sjølv har gjennomført kontrollmåling av eigdommen. Alternativet er at vi engasjerer ny landmålar, men dette er tiltakshavar i utgangspunktet ikkje så interessert i viss ikkje vi må. Kan de sjekke om de har tilstrekkelig informasjon om tiltaket hjå kart og oppmåling i kommunen?

Det vart mykje tekst dette her, men det er ei litt kompleks sak å nøste opp i. Trur du det vil vere tilstrekkeleg å gå rett på søknad om ferdigattest, med utfylt gjennomføringsplan så langt råd er, og heller forklare uklarheiter i eit følgeskriv som vert arkivert saman med saka ved vedtak?

Eg hadde sett stor pris på om du/de hadde hatt tid å sende meg svar på det eg skriv/foreslår som løysing. Evt. om de kan gi ein peikepinn på korleis vi skal løyse dette på best mogleg måte.

På forhånd takk!

Vennlig hilsen

ARKITEKTKONTORET  
**BØRTVEIT & CARLSEN AS**



Pål-Jøran Carlsen  
Tlf: 400 41 614

Hagellia 6  
5914 Isdalstø